

Aktivitetsløype ved Angvik skule

Vi har laga ei aktivitetsløype i nærskogen til skulen vår der vi har uteskuleområdet vårt. Her er det to gapahuker med bål plass inne i blandingsskog like ovanfor fjæra. I aktivitetsløypa har vi 10 oppgåver som vi har fått 3 og 4 trinn til å teste ut.

Aktivitetsløypa blir verande ut mai månad slik at fleire kan få prøve ho.

Dei 10 oppgåvene er:

1. **Klima leik** med bruk av ting vi har funne i skogen og fjæra.
2. **Bakken er lava.** Kor det berre er lov å gå på steinane langs stien ned mot gapahuken.
3. **Kven skal ut?** Der ein skal reflektere over kven som ikkje passar saman med dei andre (krabbe, sei. Skrukke troll og tangloppe).
4. **Limbo** med ein pinne frå skogen.
5. **Kopiere eit bilde,** med ting frå skogen og fjæra.
6. **Tandemski** med gjenbruk av plank frå gapahuken og gamle hoppetau.
7. **Mandala** av ting ein finn i skogen og fjæra
8. **Quiz** med spørsmål knytte til skogen, fjæra og historia til uteskuleområdet.
9. **Balansetokk** med drakamp med tau på ein trestamme.
10. **Balansetau** mellom to tre.